

Møtereferat

Dato: 04.09.2014

Til stades:	Personaldirektør Geir Davidsen, regionleiar Sissel Øverdal, HMT-sjef Ruth Brudvik, fylkeshovudverneombod Jorunn Bakke Johannessen, hovudtillitsvald Dagmar Hillestad, seniorrådgjevar Reidun Eggesbø (NAV), seniorrådgjevar Frode Mannsåker.		
Forfall:	Hovudtillitsvald Rune Stadsnes (pga. streik)		
Emne:	Referat frå Arbeidsgruppe IA 290814	Sak:	2014/16773-5
Møtetid:	29. 08.14 kl. 12 – 14.30	Møtestad:	Wigandgården 8. etg, Krinkelkroken

Møteleiar: Frode Mannsåker

Referent: Frode Mannsåker

1. Opning v/Geir Davidsen

Geir viste til at HFK har hatt eit godt IA-arbeid dei siste åra, med utmerka samarbeid med NAV og med InfoTjenester AS. Det er etablert gode rutinar, og vi har IKT-baserte verktøy som gir god støtte både for leiarar og tilsette elles, i form av Personalportalen og Kvalitetssystemet.

2. Kva for krav til HFK ligg i den nye samarbeidsavtalen? v/Reidun Eggesbø

Reidun informerte om den nye IA-avtalen med tilhøyrande samarbeidsavtale. Det har noe vorte meir fokus på førebygging og arbeidsmiljø. Vidare er det sett ønske om at dei som står utefor arbeidslivet. Sjukefråværsmålsettinga er framleis 5,6% på landsbasis. Seniorpolitisk har ein vidareført målet om å forlengje yrkesaktiviteten etter fylte 50 år med tolv månader, samanlikna med 2009. Det er krav til aktivitetsmål for dei tre delmåla. Kompetanse er viktig, og avtalen legg vekt på felles opplæring for leiarar, tillitsvalde og verneombod.

3. Drøfting av innhold i ny IA-plan for HFK

Ruth peikte på den overordna hmt-planen, der det er vist til eigen IA-plan. Ho viste til at oppfølging av Medarbeidarundersøkinga kan gå inn i hmt- og IA-arbeidet, og at førebygging er viktig. Ho nemnde også at revisjonsfirmaet Deloitte skal gjennomføre ein forvaltningsrevisjon av HMT-seksjonen.

Geir viste til utfordringar knytt til budsjettnedtrekk i åra som kjem. Han framheva AktivKvardag som eit tiltak som bør førast vidare og styrkast.

Jorunn peikte på livsfasepolitikk som viktig, både for yngre og eldre arbeidstakrar. Ho peikte også på at det er viktig å inkludere reinhaldarar når det gjeld å dra nytte av IKT.

Sissel var oppteken av å kople dei ulike måldokumenta saman, og streve etter einskapleg ordbruk. Omstilling blir eit viktig aspekt framover.

Dagmar minnte om at det er viktig å inkludere ikkje-pedagogisk tilsette ved skulane i planar og tiltak. T.d. har reinhaldarane utfordringar når det gjeld tilgang til PC og det å halde seg informert.

Reidun viste til den nasjonale konferanse for Helsefremjande arbeidsliv (HEFA) som vart halde på Lillestrøm tidlegare i år. Der kom det fram at ein no snakkar mindre om trivsel og meir om engasjement og meistring når det gjelde å skape helsefremjande arbeidsplassar.

Frode lufta om det framleis er aktuelt å nytte omgropa «nær vær» og «nær værstiltak». **Sissel** viste til at nær vær ofte er nytta i skulesamanheng, og såg dermed ingen grunn til å vere kritisk til å nytte det i IA-planen.

Følgjande punkt var elles framme i diskusjonen:

- sjukefråvær høgast blant ufaglærte – kva er grunnen?
- omorganisering av reinholdet i HFK – kan IA verte eit element i prosessen?
- lokale AMU sin rolle i IA-arbeidet – korleis styrke AMU generelt?
- nytte hovudverneomboda, samle og informere
- HMT-seksjonen planlegg å delta i lokale AMU
- lage idébank for lokale AMU – spreie gode døme
- stort opplæringsbehov (– men få har møtt på tidlegare kurs for lokale AMU)
- bør vi lage ein rettleiar for arbeidet i lokalt AMU?
- ulike deler av HFK kan ha ulike problemstillingar – viktig med lokale prioriteringar

Til neste møte:

1. Frode lager utkast til disposisjon for framlegg til nytt måldokument
2. Jorunn og Ruth lager framlegg til tiltak for å styrke lokale AMU
3. Frode utarbeidar ein skriftleg status for den gamle handlingsplanen for IA.

Møteplan/framdrift:

Møte 2: 12. september kl. 09 – 11

Møte 3: 29. september kl. 13 – 15

Samhandling utover desse møta kan skje pr. e-post.

Arbeidsgruppa tar sikte på å ha eit ferdig framlegg til ca. 10. oktober, med tanke på handsaming i Informasjons- og drøftingsmøte 22. oktober og HAMU 24. oktober.